



Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 15.12.2015
Vår ref.: 2015/890-9
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Forum kino. Fredingsforslag til andre gongs høyring

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av Forum kino (Fjøsangerveien 28) i Bergen. Fredingsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 10. juni 2015.

Det kom inn to høyringsfråsegner. Byrådet i Bergen gjorde 20. august 2015 følgjande vedtak: «Bergen kommune er positiv til fremlagte høyringsforslag og har ingen øvrige merknader til fredningen av Forum kino.» Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde 27. august 2015 følgjande vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiene knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk.». Høyringsfråsegnehene gir soleis ikkje grunn til endringar i fredingsforslaget.

I kulturminnelova § 22.3 heiter det: "Før vedtak om fredning treffes, skal forslaget forelegges kommunestyret. Det kan settes en frist for kommunestyrets uttalelse.". På dette grunnlaget vert saka lagt fram for Bergen bystyre. Høyringsfråsegnehene og kommunestyret si handsaming vil inngå i ei ny vurdering av fredingsforslaget i fylkeskommunen. Saka vert så oversendt Riksantikvaren, som gjer det endelige vedtaket om eventuell freding.

Av omsyn til den vidare sakshandsaminga ber vi om at fråseagna frå Bystyret kan liggja føre så snart som råd, og ikkje seinare enn fire månader etter at saka er motteke.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
konst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren
Fjøsangerveien 28 hjemmel AS

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon
- 3 Fotodokumentasjon
- 4 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 5 Høyringsfråsegn Fylkesutvalet